
Saksnr: 2021/16093-6
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedriftene - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal gjera greie for status i arbeidet med den pågåande eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedriftene.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 10.05.2021 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet bestiller eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.*
3. *Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Vestland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.*
4. *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.10.2021, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen og selskapa sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

I godkjent prosjektplan for eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedriftene har revisor definert slikt føremål:

«Formålet med prosjektet vil vere å undersøkje om Vestland fylkeskommune har etablert ei eigaroppfølging av av arbeidsmaknadsbedriftene i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, eigne vedtak og rutinar.»

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. *Har fylkeskommunen ei eigarskapsmelding som oppfyller krava i regelverket, og som omhandlar alle arbeidsmarknadsbedriftene fylkeskommunen har eigarskap i?*
2. *Har fylkeskommunen etablert eigarstrategiar med mål og krav til selskapa?*
3. *I kva grad er det etablert ei eigarstyring av selskapa i samsvar med krav i aksjelova?*
4. *I kva grad har fylkeskommunen følgd opp selskapa i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?*
5. *I kva grad har fylkeskommunen sikra god samansetning og opplæring av styra i selskapa?*
6. *I kva grad har fylkeskommunen etablert rutinar for å sikre at fylkeskommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapa?*

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike kontrollar. Det er likevel fylkestinget som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

Deloitte vil i møtet orientere om status og framdrift i prosjektet. Dei vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser tilhøve (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen elles til orientering.